

Kulturminne og kulturmiljø på Huglo

Kartlegging av kulturminne og kulturmiljø



2009

Innleiing

Konsekvensutgreiinga i samband med kommunedelplan for Huglo er gjort på eit overordna plannivå og nyttar tilgjengeleg informasjonskjelder som Askeladden, SEFRAK-data og lokal kunnskap. Nyttig informasjon er henta frå "Kyststamvegen Stord - Halhjem, konsekvensutgreiing, deltema kulturminne/kulturmiljø av Bergen Museum, 1997" og "Plan for bygningsvern, del av kulturminnedelplan for kulturminne og kulturmiljø, Stord kommune (høringsutkast) 2003".

Huglo vert i konsekvensutgreiinga delt i 9 kulturmiljø (sjå fig. 1). Storleiken på miljøa er ikkje absolutte, men må heller sjåast som eit områdelokalisering som vert nærmare utgreidd. I dei einstilte miljøa vil det vera detaljkunnskap som ikkje kjem fram på eit slikt overordna plannivå. Det er difor viktig at alle nye tiltak får gjort ei registrering så tidleg som mogeleg for å vurdere sjansen for funn av automatisk freda kulturminne. Det vert påkravd i føresegna i kommunedelplanen at dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.

Definerte kulturmiljø på Huglo er synt i figur 1, og talkodane til tiltaka er henta frå figur 2.

Ingen av dei konkrete føremålsendingane i planframlegget kjem i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø. Konsekvensutgreiinga er difor konsentrert kring skildring av viktige kulturmiljø, samt potensiale for funn i desse områda.

Kulturmiljø

1.1 Haukanes

Det er ikkje registrert freda kulturminne på gardane og det er heller ikkje kjende lausfunn herfrå. Men langs kystsona kan det vera funn frå steinbrukande tid fleire stader. Det kan også vera spor av gamal gardsbusetnad i eller ved tuna på dei ulike bruka på Haukanes. Det er så langt ikkje funne gravhaugar eller liknande på gardane.

Vegetasjonen er svært rik med mykje kristtorn, eføy og lauvtre. Her er eng, frukttre, steingardar, rydningsrøyser, stiar/vegar, gardsbygningar, kaier, rester etter kalkoven og kvern. Kulturmiljøet er heilskapleg og bra intakt. Bygningane har ulik alder og stiltrekk. I miljøet finn ein fleire eldre naust og spesielt garden Utsikten med sine eldre bygg må trekkjast fram.



Bilde: Haukanes med typiske små naust ved sjøen. Garden Utsikten midt på bildet.

Potensiale

Her er potensialet for funn frå steinbrukande tid langs kystsona stor. Spor etter gamal gardsbusetnad kan finnast ved tuna. Gravrøyser eller haugar er så langt ikkje kjend.

Innspel til ny kommunedelplan for Huglo:

Inne i kulturmiljøet kjem det tre nye føremålsområde. Dette er naust (2), fritidsbusetnad (3) og næringsføremål i strandsona (fritids- og turistføremål, 4). Ingen av områda kjem til å øydeleggja eksisterande bygg. Det er viktig med føringar for naust og fritidsbygg som gjer at dei harmonera med omkringliggjande byggeskikk og bygningsmateriale.

1.2 Stora Brandvik

Det er ikkje kjende freda kulturminne i området og det er heller ikkje kjende lausfunn frå gardane. Men i den lange kystsona kan det vera funn frå steinbrukande tid fleire stader. Det kan også vera spor av gamal gardsbusetnad nær tuna på dei ulike bruka. Det er ikkje funne gravhaugar eller likande på gardane.

På nokre av gardane har fleire bygg alder og autentisitetensverdier intakte. Elles har bygningane varierende alder og stiltrekk. Her er fleire nyare bygningar. Her finn ein dyrka eng, lauvtre, styvingstre og frukttrær, vegar og bygningar.

I Brandvik har det vore aktiv kalkutvinning. Heile Brandvikneset vitnar om at kalkverksemda var sentral for gardane her.



Bilde: Stora Brandvik er aktivt jordbruksområde med innslag av eldre bygg. Naust ved sjøen.

Potensiale

Her er potensiale for funn frå steinbrukande tid langs kystsona. Gamal gardsbusetnad kan finnast kring tuna. Særleg må ein granska området nordaust for og ved foten av Fløyfjellet, der det er observert ein særleg gunstig hellar. Gravrøyser eller haugar er så langt ikkje kjende.

Innspel til ny kommunedelplan for Huglo:

Inne i kulturmiljøet kjem det fire nye føremålsområde. Dette er det kombinert føremål bustad/fritidsbustad (5 og 7), samt fritidsbusetnad (6) og næringsføremål i strandsona (fritids- og turistføremål, 8). Ingen av områda kjem til å øydeleggja eksisterande bygg. Det er viktig med føringar for nr. 8 som gjer at dei harmonerer med omkringliggjande bygg og nyttar same bygningsmateriale. I føremålsområde 6 er det ei sefrak-registrert utløe, datering ukjent, som det er viktig å ta vare på.

1.3 Litla Brandvik

I kulturmiljøet er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne. Her finn ein eit gardsmiljø med innslag av eldre bygg i form av eldre eldhus, bustad og driftsbygning. Ved sjøen finn ein fleire eldre naust og notbu. Steingard markere utmarkskilje mellom dei to gardane litle og store Brandvik.

Potensiale

Her er eit potensiale for busetnadsspor frå steinbrukande tid, både i hellerar og på opne buplassar.

Innspel til ny kommunedelplan for Huglo:

Inne i kulturmiljøet kjem det to nye føremålsområde. Dette er kombinert føremål bustad/fritidsbustad (10) og naust (9). Ingen av områda kjem til å øydeleggja eksisterande bygg. Det er viktig med føringar for naust og fritid/bustad som gjer at dei harmonerer med omkringliggjande byggeskikk og bygningsmateriale.

1.4 Tveit

I kulturmiljøet er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne. Men på Tveit har det budd folk i lang tid. Eit lausfunn av ein brynestein vert datert til steinalder.

Garden Tveit var eigd av Halsnøy kloster fram til 1758. Skriftlege kjelder nemner eit ektepar frå Tveit som førte kalk til Bergen i 1519. Men kalkbrenninga tok truleg til eit par hundre år tidlegare. I gamle sogeskriv står det at fyrste kalkkomnen i regionen vart oppsett i 1317 av munkar på Halsnøy kloster. Det er rimeleg å anta at det var på Huglo og Tveit dei tidlegast starta med brenning, då klosteret åtte garden og her var steinen dei trong. Her er det skjerpehol overalt og i Tveitgruvene fann dei koparkis. Framleis kan ein sjå restar etter gamle kalkomnar her.

På Tveit var 4 jamstore bruk fram til 1928. Husa stod fyrste tida samla i klyngetun, men vart i åra 1869-71 utskifta. Nokre av gardshusa var då flytta slik me finn dei i dag. Av gamle hus kan nemnast eit stabbur og to gamle steineldhus, som alle er fleire hundre år gamle. Nede i Tveitvågen ligg det fleire gamle naust.



Bilde: Tveitvågen med sine mange naust.

Potensiale

Her er stort potensiale for nye funn i området.

Innspel til ny kommunedelplan for Huglo:

Inne i kulturmiljøet kjem det to nye føremålsområde. Dette er næringsføremål i strandsona (fritids- og turistføremål, 11) og kombinert føremål bustad/fritidsbustad (15). Ingen av dei eksisterande bygga vert øydelagt av tiltaket. Det er viktig med føringar for nr. 11 slik at bygget harmonera med omkringliggjande bygg og nyttar same bygningsmateriale.

1.5 Kulturminnelokalitet

Ved sørspissen av Huglo ligg eit sjeldant kulturminne. Kuhidlaren er ein gamal buplass som no ligg 20-30 m over havflata. Ein gong fløynde sjøen inn under denne hellaren og arkeologiske funn tyder på at det har budd folk her alt i steinalder.

Innspel til ny kommunedelplan for Huglo:

Inne i kulturmiljøet vil det ikkje koma nye føremålsendingar som vil øydeleggja eller forringa kvalitetane som er i miljøet.

1.6 Sørhuglo.

I kulturmiljøet er det 6 automatisk freda kulturminne som alle er gravhaugar eller gravrøyser etablert på nes i jordbruksland. Gravminna er frå bronse- og jernalder. Her finn ein fleire gardar med tunstruktur med eldhus, vedbu, løe og bustad. Langs sjøen ligg gamle naust og notbuer. Det opne jordbrukslandskapet skapar ei felles referanse i det langstrakte miljøet.



Bilde: Gardsmiljø i eit kulturlandskap. Gravhaugar er det registert på kvart eitt nes her.

Potensiale

Her er potensialet stort for nye funn i området.

Innspel til ny kommunedelplan for Huglo:

Inne i kulturmiljøet kjem det fem nye føremålsområde. Dette er næringsføremål i strandsona (fritids- og turistføremål, 13 og 14), kombinert føremål bustad/fritidsbustad (16), næringsområde (17) og småbåthamn (18). Ingen av områda kjem til å øydeleggja eksisterande bygg. Det er viktig med føringar for nr. 13 og 14 som gjer at det harmonera med omkringliggjande bygg og nyttar same bygningsmateriale.

1.7 Røssbø

Det er ikkje kjent freda kulturminne på garden Røssbø, men ved neset på Skjervane er det eit gravfelt med 3 gravrøyser frå overgangen bronsealder -jernalder. Nede i Røssbøvika er det ein fin badeplass i dag. I tidlegare tider var den lune vika ideelt pass for overhaling av båtar. Området består av ein del eldre naust langs sjøen og små gardstun med innslag av eldre bygg.



Bilde: Eldre naust i Klumpavika ved Røssbøneset.

Potensiale


Det er noko potensiale for funn av kulturminne i sjø-, inn- og utmarksområde.

Innspel til ny kommunedelplan for Huglo:

Inne i kulturmiljøet kjem det fire nye føremålsområde. Dette er naust (19, 20 og 21) og næringsområde (22). Ingen av områda kjem til å øydeleggja eksisterande bygg. Det er viktig med føringar for nr 19 og 20 som gjer at dei harmonera med omkringliggjande bygg og nyttar same bygningsmateriale.

1.8 Torvhusa

På Huglo har den omfattande brenninga av kalkstein gjennom hundreår ført til eit storforbruk på ved. Sidan Huglo ikkje hadde altfor mykje produktiv skogareal som ein kunne nytta, måtte ein henta brensel frå torvmyrene. Dei to attverande torvhusa, tilhøyrande gardane Røssbø og Nordhuglo, er begge restaurert på antikvarisk måte og i god stand. Torvhus er vanlegvis bygd i stein, men desse to er dei einaste kjende frå Sunnhordland som har grindkonstruksjon. Torvhusa er nemnt i plan for bygningsvern til Stord kommune.



Bilde: Torvhus på Huglo. Biletet er henta frå "Plan for bygningsvern"

Innspel til ny kommunedelplan for Huglo:

Inne i kulturmiljøet vil det ikkje koma nye føremålsendringar som vil øydeleggja eller forringa kvalitetane som er i miljøet

1.9 Nordhuglo

På gardane ligg det fleire freda, faste kulturminne. Det er funne mange lausfunn på dei ulike gardane, og her kan nemnast bronsedolk, ulike steinøkser og runestein frå eldre jernalder. Gravfunna peikar attende til ein busetnad her alt i bronsealder.

Her er åker, eng, frukttre, tuntre, litt lauvtre i kantsona, steingardar, vegar, gardstun, bustadhus, sjøhus og hytter i eit vakkert kulturlandskap som er i god hevd. Gardane dannar ein heilskap mellom gard, sjøbruk og utmark. Her er mange vakre bygningar i tun. Alder og autentisitetensverdier er intakt på svært mange bygningar.

På Nordhuglo finn ein dei største gardane i Stord kommune. Før utskiftninga i 1860-åra var her nesten 100 bygningar på dei 6 brukane. Alle funksjonar på garden hadde sitt hus. I dag er ser ein framleis spor etter den gamle tida gjennom fleire eldre bevarte bygningar på tuna. Her er det innslag av eldre stabbur og vedbu i tillegg til driftsbygning og bustad. Dei fleste aktive gardane har modernisert driftsbygningane og bustadane. Øya sin einaste butikk og ferjekai ligg her og skapar eit sentralt og viktig senter for huglobuaren.

Rett utanfor ferjekaien stod det 6 limbuer. Buene vart nytta til bevaring av kalk som var ferdig brand. Kalken måtte lagrast tørt elles byrja han å leska. Huglo var ein hovudleverandør av kalk til bl.a. Bergen på 1600-talet. Den siste limbua vart riven i 2001.

I Huglavika er det 4 sefrak-registrerte naust, men to av dei er nesten borte. Huglavika vert vurdert som eit eineståande miljø med gammal handelsstad, naustrekke, steingarder og kulturlandskap med oppdyrka eng i skråninga. Dei to nausta som står att er frå 1800-talet, men truleg har det vore naust her i uminnelege tider. Naustområde er tatt med i plan for bygningsvern for Stord kommune.



Bilde: Nordhuglo sett frå Leira. Gardsmiljøa ligg i flott kulturlandskap.

Potensiale

Her er potensialet stort for nye funn i området.

Innspel til ny kommunedelplan for Huglo:

Inne i kulturmiljøet kjem det fire nye føremålsområde. Dette er kombinert føremål bustad/fritidsbustad (25) og fritidsbustad (23, 24 og 26). Ingen av områda kjem til å øydeleggja eksisterande bygg. Det er viktig med føringar for hyttene slik at dei harmonera med omkringliggjande bygg og nyttar same bygningsmateriale, og på den måten harmonerer i landskapsbiletet og det flotte kulturlandskapet ein har i området.




Fig. 1. Definerte kulturmiljø på Huglo er synt med omriss. Sefrakregistrerte bygg og automatisk freda kulturminne er også synt på kartet.




Fig. 2. Endringer i kommunedelplan for Huglo med talkode.